

# DNMI - RAPPORT

DET NORSKE METEOROLOGISKE INSTITUTT  
POSTBOKS 43 BLINDERN 0313 OSLO 3  
TELEFON : (02) 60 50 90

ISBN

RAPPORT NR.

25/88 KLIMA

DATO

12.12.1988

TITTEL

**KLIMADATA FRA STRYN**

UTARBEIDET AV

PER ØYVIND NORDLI

OPPDRAGSGIVER

STATKRAFT

OPPDRAGSNR.

SAMMENDRAG

Rapporten inneheld ein tekstdel og ein tabelldel.

I tekstdelen blir det gjeve ei kort utgreiing om klimaet i Stryn.

Tabelldelen omfattar 20 tabellar med medelverdiar eller ekstremar av temperatur og nedbør og dessutan ei frekvensfordeling av vindstyrke og retning på stasjonen 5870 Oppstryn.

UNDERSKRIFT

*Per Øyvind Nordli*

Per Øyvind Nordli

SAKSBEHANDLER

*Bjørn Aune*

Bjørn Aune

FAGSJEF

I N N H A L D

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
1 KORT OM KLIMAET I STRYN	2
1.1 Innleiing	2
1.2 Stasjonsliste	2
1.3 Temperatur	2
1.4 Nedbør	8
1.5 Vind	8
1.6 Köppens klimainndeling	9
2 KLIMATABELLAR FOR STRYN	11
2.1 Tabellar for medeltemperatur	12
2.2 Tabellar for ekstremtemperatur	17
2.3 Nedbørtabellar, månads- og årssummar	19
2.4 Tabellar for nedbørstatistikk	24
2.5 Utdrag frå vindpublikasjon	26
3 LITTERATUR	32

## F Ø R E O R D

Det norske meteorologiske institutt, DNMI, dreiv på 70- og 80-talet meteorologiske målingar for Statkraft i den inste delen av Nordfjorden. Vi kan kalle det eit spesialnett av stasjonar som vart drivi i tillegg til det ordinære nettet til DNMI.

Innsatsen var knytt til spørsmålet om klimaendringar i Stryn i samband med den planlagde vasskraftutbygginga. I 1988 vart avgjerda om det skulle setjast i gang kraftutbygging eller ei, skuvd inn i framtida og det vart etter dette ikkje grunnlag for å drive stasjonsnettet vidare. Gjennom åra vart det i alt drivi 6 meteorologiske stasjonar for Statkrafts rekning.

Denne rapporten er ein sluttrapport i samband med nedlegginga av den siste resten av spesialnettet. Vi vil her presentere ein del data frå stasjonane, både dei som høyrer til spesialnettet og dei som høyrer til det ordinære stasjonsnettet til DNMI.

Rapporten fell naturleg i to delar, ein tekstdel og ein tabelldel. Tekstdelen kan lesast for ende. Tabelldelen er derimot tenkt til oppslag for spesielt interesserte.

## 1 KORT OM KLIMAET I STRYN

### 1.1 Innleiing

Dei klimadata som vi skal gje i denne rapporten skriv seg frå den inste delen av Nordfjorden, dvs. frå Stryn kommune. I kommunen finst det godt om meteorologiske data frå 1971 til 1988 da fleire stasjonar var i drift på grunn av planane om kraftutbygging. Alle desse stasjonane var kyntte til fjorden eller dei to vassdraga, Strynevassdraget eller Lodalsvassdraget. Stryn kommune omfattar også Hornindal, men denne delen av kommunen vil ikkje bli medteken her.

Stryn kommune har ein topografi som varierer frå høgfjell til fjord med svært ulike klimatypar. Dette vil det ikkje bli gått inn på i denne artikkelen. Vi vil berre konsentrere oss om nivået frå fjorden og oppover til 200 m o.h. Det er berre i dette område at vi sit inne med klimadata. Det er også mellom desse nivåa det aller meste av den faste busetjinga finst.

### 1.2 Stasjonsliste

Dei stasjonane med data som finst for området, er av ulike kategoriar. Tabell 1.1 gjev informasjon om stasjonane og det blir markert kva stasjonen observerer ved koden som det er forklaring på i teksta over tabellen. Koordinatane gjev plasseringa av stasjonane som også kan finnast på kartskissa, figur 1.1.

### 1.3 Temperatur

I vårt klima er ofte temperatur ein minimumsfaktor for vekst av kulturplantar. Lufttemperaturen kan påverka planteveksten på ulike måtar:

Medeltemperatur. Ofte kan det bli for lite varme i vekstsesongen. Da vil medeltemperaturen vera avgjerande for veksten, di høgare medeltemperatur di betre vekst.

Tabell 1.1 Stasjonsliste

For kategori brukar ein denne koden:

D = Vindretning

N = skydekke

R = Nedbør

T = Temperatur


F = Vindstyrke

S = Snødjupn og dekke

U = Relativ råme

Stasjonar som er merka \* etter stasjonsnamnet er sette i gang på grunn av vassdragsreg.

Stasjon	hoh	Lengd	Breidd	Kategori	Observasjonsper.
5840 Innvik	32	61-51	06-38	R,S	1950
5842 Olden - Uglå*	3	61-52	06-44	T,U	06.1973 03.1982
5843 Olden - Vangberg	78	61-52	06-45	D,F,N,R,S,T,U	07.1973
5848 Briksdal	38	61-42	06-49	R,S	07.1895
5850 Loen*	39	61-52	06-52	D,F,N,R,S,T,U	04.1971 05.1988
5851 Loen - Sande*	54	61-51	06-55	T,U	03.1971 03.1982
5852 Loen - Raudi*	62	61-49	06-58	T,U	03.1971 04.1979
5853 Rake H*	35	61-52	06-48	D,F T,U	11.1974 05.1983
5853 Rake S1*	2	61-52	06-48	T	11.1974 05.1983
5866 Flo (MI-46)*	40	61-56	07-01	D,F T,U	05.1983 09.1988
5866 Flo (Linke)*	33	61-56	07-01	T	05.1979 09.1988
5870 Oppstryn	201	61-56	07-14	D,F,N,R,S,T,U	1895



Figur 1.1. Kartskisse med stasjonsplassering.

Minimumstemperatur: Temperaturen i vekstsesongen kan bli så låg at plantane kan bli frostskaðde.

Vintertemperatur: Jamvel temperaturen i kvileperioden kan ha mykje å seia for om plantane skal klare seg frå den eine vekstsesongen til den andre.

Vi skal først sjå på medeltemperaturen representert ved perioden 1931 til 1960, sjå tabell 1.2. Perioden er ein såkalla normalperiode og medeltemperaturen for kvar månad i perioden blir kalla månadsnormalen for temperatur. Av stasjonane i tabellen er det berre 5870 Oppstryn som var i drift i perioden, men ved å jamføre dei andre stasjonane med Oppstryn, kan ein finne kva dei ville ha observert i normalperioden dersom dei hadde vore i drift. Di lengre felles driftsperiode di mindre uvisse vil det vera i jamføringa.

Tabell 1.2 Temperaturnormalar for perioden 1931-60 i °C.

Stasjon	jan	feb	mrs	apr	mai	juni	juli	aug	sep	okt	nov	des
5842 Olden - Ugla	-1,2	-1,9	1,0	5,0	9,6	12,7	15,3	14,1	10,2	6,0	3,7	0,9
5843 Olden - Vangb.	-1,3	-2,1	0,9	4,6	9,4	12,5	14,9	14,0	10,0	5,8	3,2	0,7
5850 Loen	-1,8	-2,7	0,8	4,7	9,7	12,8	15,3	14,3	10,3	6,0	3,1	0,6
5851 Loen - Sande	-1,5	-3,2	0,0	4,0	8,9	12,5	15,0	13,9	10,2	5,9	3,6	1,1
5852 Loen - Raudi	-1,2	-2,3	0,7	4,5	8,8	12,3	14,9	13,7	10,2	6,4	3,6	1,0
5853 Rake H	-1,4	-1,8	1,7	5,2	9,9	13,1	15,5	14,3	10,7	5,9	3,4	0,7
5853 Rake S1	-1,4	-1,8	2,0	5,4	9,6	12,8	15,3	14,0	10,6	5,9	3,6	0,8
5866 Flo. (MI-46)	-0,7	-1,2	1,3	4,5	9,2	12,7	15,4	14,5	10,7	6,6	4,0	1,7
5866 Flo. (Linke)	-0,7	-1,2	1,5	4,7	9,4	12,9	15,6	14,7	10,9	6,6	4,0	1,7
5870 Oppstryn	-1,2	-1,8	0,7	4,0	9,1	12,2	14,8	13,8	10,2	6,0	3,0	0,7

Av tabell 1.2 ser vi at det er juli som er den varmaste månaden, det gjeld alle stasjonane. Grovt rekna er han om lag 2,5° varmare enn juni og 1° varmare enn august. Vi legg elles merke til at normalen i sommarmånadene varierer om lag 1° i same månaden for dei 10 stasjonane (eller mælepunkta for temperatur) som er lista opp i tabell 1.2.

Ikkje uventa er temperaturen i juli høgst i dei to frukt-dyrkingsgrendene Flo og Rake. Hovudstasjonen på Rake, merka med H i tabellane, låg sentralt plassert i frukthagane og har ein normal på 15,5°. Mælepunktet S1 låg nede ved sjøen og hadde lågare julinormal. Dei to mælepunkta på Flo hadde ulike hytter (strålingsskjermer for instrumenta). Linkehytta hadde 15,6° medan MI-46 hadde 15,4°. Vi ser at i tida frå mars til september, når innstrålinga er størst, er Linkehytta varmare enn MI-46. Vi skal sjå litt på kva ulike hyttetypar kan ha å seia for medeltemperaturen.

Som tabell 1.3 viser, er det brukt 3 ulike strålingsskjermer etter hyttetypar på stasjonane. Type MI-46 er standardtypen på norske, manuelle verstasjonar. På automatiske stasjonar er type MI-74 mykje brukt. Linkehytter har tidlegare vore nytta mykje til kortare spesialstudiar da hytta er lettare å frakte og montere enn standardhytta.

Det har vore gjort jamføringsmålingar mellom dei ulike hyttetypane og standardhytta (MI-46), (Utaaker, 1956). Det viste seg at Linkehytta kunne vera  $0,2^{\circ}$  varmare enn MI-46 på dagtid om sommaren, men differensen heldt seg ikkje heile døgnet. På Flo var differensen mellom hyttene som nemnt  $0,2^{\circ}$  i medeltemperatur, dvs. at temperaturen er midla over heile døgnet. Difor kan differensen mellom målepunkta på Flo neppe ha si årsak i ulike hyttetypar åleine.

Plasseringa er truleg den viktigaste årsaka til skilnaden sidan Linkehytta stod i botnen av ein bakke, medan MI-46 stod på toppen av bakken, altså i ei luftigare oppstilling.

Av andre, høge julinormalar legg vi elles merke til 5850 Loen og 5842 Olden - Uglå. Lågaste julinormal har 5870 Oppstryn. Det måtte ein også vente sidan stasjonen ligg 123 m høgre over havet enn den nest høgaste som er Vangberg. Men skilnaden mellom stasjonane er berre  $0,1^{\circ}$  i juli og det er mindre enn ein skulle vente ut frå høgda åleine. I høve til Vangberg blir den større høgda på stasjonen Oppstryn nesten kompensert av eit godt lokalt klima.

Om våren er dei stasjonane som ligg ved fjorden tidlegare ute med temperaturoppgangen enn stasjonane inne i landet. Her har Rake ein vesentleg føremonn framfor Flo. Mai-normalen er ein halv grad høgre på Rake. Kjølegast er dei to stasjonane inne ved Lovatnet, Raudi og Sande.

Medeltemperaturane for terminen mai-september er sett opp i tabell 1.3. Ofte blir dei brukte til jamføring med mengd og kvalitet av frukt, (Ljones, 1970). For Gravenstein er det "eksempel på tilfredsstillende blomstring når middeltemperaturen mai-september har vært så lav som  $11,7^{\circ}$ ". Vidare heiter det at ein medeltemperatur på  $12,5^{\circ}$  krevst for å få ei eplevekt på 100 g. "Karakteristikken god smak og 10-11 prosent sukkerinnhold oppnår Gravenstein når mai-september er ca.  $13,4^{\circ}$  C".

Tabell 1.3 Temperaturnormalar i veksttida og heile året.


Stasjon	skjerm	mai/sept	året
5842 Olden - Ugla	Linke	12,4	6,3
5843 Olden - Vangberg	MI-46	12,2	6,0
5850 Loen	MI-46	12,5	6,1
5851 Loen - Sande	Linke	12,1	5,9
5852 Loen - Raudi	Linke	12,0	6,0
5853 Rake H	MI-46	12,7	6,4
5853 Rake S1	MI-74	12,5	6,4
5866 Flo, (MI-46)	MI-46	12,5	6,6
5866 Flo, (Linke)	Linke	12,7	6,7
5870 Oppstryn	MI-46	12,0	6,0

Av tabellen ser vi at sesongnormalen på Rake og Flo ligg godt over den grensa som er naudsynt for god blomstring. Nedre grense for minst hundre gram eple ligg nær normalen, medan den siste grensa for sukkerinnhald i Gravenstein sjeldan blir nådd. I den tida det har vore målingar anten på Rake eller Flo, har det berre skjedd ein gong og det var i 1988. Månadsmedeltemperaturar i einskilde år kan elles finnast i kapittel 2.1.

I normalperioden 1931-60 var februar den kaldaste månaden i året slik normalane i tabell 1.2 viser. Den lågaste normalen har stasjonen 5851 Loen - Sande med  $-3,2^{\circ}$ . Det er elles større skilnad mellom månadene januar og februar for den stasjonen enn for dei andre stasjonane i tabellen. Det spesielle med stasjonen er at han ligg like ved Lovatnet. Medianverdien for full islegging av vatnet i dei 8 vintrane frå 1971/72 til 1978/79 var 4. februar, (Nordli, 1980). Altså var Lovatnet som oftast ope i januar, men for det meste islagt i februar. Over isen kan det bli liggjande kaldluft i dalbotnen medan det er mildare lenger oppe i dalsida, (såkalla inversjonar på fagspråket). I så bratt lende er ope vatn til hinder for inversjonar når temperaturen i lufta søkk under  $0^{\circ}$ .



Kva isen har å seia for temperaturen ved fjorden og ved Lovatnet er tidlegare granska ved hjelp av stasjonsnettet (Nordli, 1980, 1984), sjå figur 1.2.



Figur 1.2 Verknaden av ope Lovatn jamført med islagt Lovatn.

————— Datagrunnlag frå 5851 Loen - Sande

- - - - - Datagrunnlag frå 5852 Loen - Raudi

Figuren viser kor mykje høgare temperaturen blir når Lovatnet er ope jamført med når det er islagt. Vi ser at di lågare temperaturen er, di større verknad har den ope vassflata. Tilsvarande tal er funne for open fjord ved å bruke 5842 Olden - Ugla. Det er mindre verknad enn på figuren ved flate partiar av fjorden særleg der sidedalar munnar ut med sin transport av kald luft. På stader høgare over fjorden enn 100 m er det neppe nokon verknad av open fjord.

I tabelldelen av rapporten, kapittel 2.2 er det gjeve ekstremtemperaturar for nokre av stasjonane. Som ein kunne vente har dei stasjonane som ligg ved Lovatnet eller Strynevatnet dei lågaste temperaturane. Det skjer etter at vatna har islagt seg. Den lågaste temperaturen som er målt i Stryn kommune ved DNMI's målestasjonar er  $-24,0^{\circ}$  den 27. januar 1986 på stasjonen 5866 Flo (Linke). I den lange serien frå 5870 Oppstryn som har gått sidan august i 1897, er den lågaste temperaturen  $-21,0^{\circ}$  frå januar 1950.

#### 1.4 Nedbør

Liksom for temperatur finst også normaler for nedbør for perioden 1931-60. Nedbørnormalane for stasjonane i området er stilt opp i tabell 1.4. Variasjonane i terrenget skaper variasjonar i nedbørnormalane frå stad til stad. Vi ser at stasjonane 5840 Innvik, 5850 Loen og 5870 Oppstryn har årsnormalar omkring 1000 mm, medan stasjonane 5843 Olden - Vangberg og 5848 Briksdal har over 1200 mm i året.

Tabell 1.4 Nedbørnormalar for perioden 1931-60 i mm.

Stasjon	Hs	jan	feb	mrs	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	året
5840 Innvik	32	100	85	65	60	40	70	85	85	115	128	97	110	1040
5843 Olden - Vangberg	78	129	110	86	73	43	71	78	79	132	158	120	136	1215
5848 Briksdal	38	127	109	87	74	45	77	81	85	140	165	120	135	1245
5850 Loen	39	101	90	71	60	36	56	64	64	102	123	95	108	970
5870 Oppstryn	201	102	97	76	61	39	59	73	73	98	124	94	116	1012

Til liks med stasjonane nær kysten fell det meir nedbør i Stryn om hausten og vinteren enn om sommaren. Om sommaren er nedbøren mindre enn mange stader på Austlandet. Stasjonen 5850 Loen til dømes har mindre nedbør enn 1870 Oslo - Blindern i alle sommarmånadene frå mai til august.

Nedbøren for ein skilde månader og år er elles gjeven i kapittel 2.3 og ein del statistikk finst i kapittel 2.4. Frå dette materialet nemner vi at stasjonen 5848 Briksdal har vore i drift sidan juli i 1895 og har altså ei ubroten data-rekkje på 93 år! Månadssummane for året har variert mellom 688 mm i tørråret 1960 til 2688 mm i det våte året 1921. Den like lange serien frå 5870 Oppstryn har elles minst og mest nedbør nett dei same åra. I 1960 hadde Oppstryn 622 mm og dette er den minste årssummen som er målt på nokon av stasjonane i tabellen. (5840 Innvik var i drift i 1960 og hadde 729 mm). Ekstremverdiar for dei ein skilde månadene finst i tabellane 2.19 og 2.20.

#### 1.5 Vind

I tabelldelen, kapittel 2.5 finst vinddata for stasjonen 5870 Oppstryn for ein periode på 32 år, splitta opp på dei ein skilde månadene, men også samla for heile året. Vinden er observert manuelt etter Beauforts vindskala utan bruk av vindmølar. Frå tabellen merkar vi oss følgjande:

Stasjonen observerer svært ofte vindstille, i august og september er det vindstille i over 60 % av alle tilfella.

Om vinteren er austavinden svært vanleg på stasjonen. Mange av desse tilfella er kaldluftsdrenering ned gjennom dalen. På ettersommaren er vind opp dalen vanleg, truleg for ein stor del dalvind.

Det ser ikkje ut til at det er noka vindretning som har spesielt sterk vind. Vind sterkare enn styrke 6, som er liten kuling, er svært sjeldan.

### 1.6 Köppens klimainndeling

Köppens klimainndeling var tenkt brukt på det globale klimaet. Kriteria for inndelinga er valt slik at det skal passe med vegetasjonen på jorda og klimatypene har såleis fått namn som viser dette. Brukt på mindre område er klassifiseringa grov. Grunnen til at vi likevel brukar ho her, er den store utbeininga ho har fått gjennom klimaAtlas.

Köppen har fem hovudtypar av klima, symbolisert ved store bokstavar frå A til E. Klimatypene blir bestemt ut frå månadsnormalar for temperatur og nedbør. Dei hovudtypene som er aktuelle for det busette området i Stryn er C og D.

C Temperert regnklima

D Kaldt skogsklima med snødekke

Grensa mellom dei to klimatypene er  $-3^{\circ}$  for kaldaste månadsnormal. Er normalen mildare enn  $-3^{\circ}$ , er det C-klima, er han kaldare, er det D-klima. Av tabellane ser vi at stasjonen 5851 Loen - Sande har D-klima medan alle dei andre stasjonane har C-klima.

C og D klimaet blir dessutan delt inn etter nedbørnormalen i tre undergrupper. Ingen av stasjonane har noka tørr periode, korkje om vinteren eller sommaren i følgje den definisjonen Köppen gav. Undergruppa utan tørr periode, er symbolisert ved bokstaven liten f.

Cf- og Df-klimaet blir vidare delt inn etter lengda på sommaren. Er medeltemperaturen i månaden høgare enn  $10^{\circ}$  i 4 månader eller meir i året, seier ein at sommaren er varm. Dette kravet er oppfylt for alle stasjonane. Symbolet for denne undergruppa er bokstaven liten b.

Klimaet i Stryn (i det busette området) er altså Cfb eller Dfb, sjå ramma under. I praksis betyr det at klimaet ligg nær grenseområdet for dei to hovudklimatypene. Grensene mellom klimatypene er valt ut frå omsynet til om snødekket er stabilt eller ikkje. Det stemmer bra med tilhøva ved fjorden der snødekket kan vera stabilt i kalde vintrar og ustabilt i milde vintrar.

Cfb	Temperert regnklima utan tørr periode om vinteren eller sommaren og med ein varm sommar.
Dfb	Kaldt skogsklima med snødekke utan tørr periode om vinteren eller sommaren og med ein varm sommar.

## 2 KLIMATABELLAR FOR STRYN

I denne delen av rapporten vil vi presentere klimatabellar frå stasjonar i Stryn kommune. Det gjeld temperatur, nedbør og vind. Tabellane er komne fram ved å bruke ferdige program som er utvikla for bruk på datalageret ved DNMI. I 1957 gjekk DNMI over til EDB og dataene er såleis generelt tilgjengelege for reknemaskinar frå og med det året. I tillegg til dette er einstilte dataseriar frå før 1957 også puncha og gjort tilgjengelege. I denne rapporten, gjeld det 5848 Briksdal og delvis 5870 Oppstryn.

## 2.1 Tabellar for medeltemperatur

Tabell 2.1 Månadsmedel av temperatur i °C

5842 Olden - Uglå

	jan	feb	mrs	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
1973							15.3	11.6	8.6	3.9	0.8	0.2
1974	4.2	2.1	1.7	6.0	10.1	13.4	12.3	12.6	10.4	4.6	3.2	2.2
1975	2.1	1.3	1.9	3.9	9.1	11.5	14.5	14.4	9.8	6.1	3.9	2.1
1976	-2.1	0.3	-0.9	3.8	10.6	12.1	14.6	13.6	7.0	7.5	3.7	-1.6
1977	-1.5	-1.3	3.0	3.4	10.0	12.2	14.4	13.5	7.3	7.9	2.1	2.7
1978	0.2	-3.5	2.4	4.6	10.8	13.9	14.7	13.9	8.5	6.4	3.5	-6.5
1979	-7.8	-3.7	2.0	4.9	8.1	13.1	12.5	12.5	8.4			-0.7
1980	-1.7	-1.7	0.9	4.9	10.6	14.8	16.0	14.5	10.6	4.0		-0.6
1981	-1.3		0.8	3.3	10.4	10.8	13.7	12.0	11.7	5.3	2.3	
1982		1.5										
Medel	-1.0	-0.6	1.5	4.4	10.0	12.7	14.2	13.2	9.2	5.7	2.8	-0.3
Stand.av.	3.3	2.1	1.1	0.9	0.9	1.3	1.1	1.0	1.5	1.4	1.0	2.8

Tabell 2.2 Månadsmedel av temperatur i °C

5843 Olden - Vangberg

	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
1973							15.3	11.7	8.9	3.8	0.5	0.0	
1974	4.3	1.9	2.7	6.3	10.5	13.0	12.0	12.5	10.3	4.4	2.7	2.1	6.9
1975	2.1	0.8	1.8	3.7	8.8	11.2	14.4	15.0	9.5	6.0	3.6	1.5	6.5
1976	-2.7	-0.2	-1.2	3.2	10.7	12.0	14.5	13.6	6.7	7.2	3.4	-2.3	5.4
1977	-2.2	-2.4	2.7	2.6	9.5	11.5	13.8	13.5	7.4	8.0	1.8	2.3	5.7
1978	0.1	-3.5	2.0	4.1	10.6	13.7	14.2	13.6	8.2	6.2	3.0	-5.5	5.6
1979	-6.0	-3.3	1.2	4.3	7.6	13.4	12.2	12.4	8.1	5.2	2.1	-1.4	4.7
1980	-2.5	-1.5	0.7	4.3	10.2	14.7	15.7	13.9	10.2	3.7	-0.3	-0.7	5.7
1981	-2.5	-2.7	0.9	2.9	11.3	10.6	13.3	11.9	11.7	5.2	1.7	-5.6	4.9
1982	-3.3	1.6	3.8	4.1	9.4	12.9	15.1	14.0	9.4	7.3	3.8	1.1	6.6
1983	1.3	-1.7	1.7	4.9	9.8	11.6	13.8	12.5	9.7	5.9	2.0	1.3	6.1
1984	-2.3	1.0	-0.5	5.4	10.8	12.2	13.5	13.1	9.0	6.6	6.1	2.5	6.5
1985	-2.5	-1.9	1.7	3.8	10.9	13.1	14.2	12.9	7.5	7.5	-1.6	-1.3	5.4
1986	-4.9	-6.9	3.4	3.4	10.0	13.8	13.6	12.4	7.0	7.2	5.0	1.0	5.4
1987	-5.5	-1.7	-0.9	6.1	8.5	11.5	13.8	12.4	8.3	9.6	3.0	0.9	5.5
1988	2.2	1.7	0.4	2.6	11.0	14.8	15.1	13.4	10.7	5.9			
Medel	-1.6	-1.3	1.4	4.1	10.0	12.7	14.0	13.1	8.9	6.2	2.5	-0.3	5.8

Tabell 2.3 Månadsmedel av temperatur i °C

## 5850 Loen

	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
1971				4.3	10.5	11.9	13.3	13.0	9.5	5.4	0.4	2.5	
1972	-2.1	-1.1	2.7	5.2	11.2	13.2	15.8	12.5	7.8	6.5	1.6	4.3	6.5
1973	2.4	-0.9	3.5	2.6	9.1	12.2	15.4	11.8	8.9	3.6	0.4	-0.3	5.7
1974	4.1	2.0	2.6	6.2	10.6	13.4	12.3	12.8	10.6	4.4	2.5	1.7	6.9
1975	2.1	0.1	1.7	3.8	8.9	11.4	14.8	15.1	9.7	6.0	3.5	1.5	6.6
1976	-2.9	-0.9	-1.4	3.2	11.1	12.4	14.8	13.7	6.9	7.2	3.0	-2.7	5.4
1977	-3.2	-3.6	2.7	2.9	9.4	11.8	14.1	13.7	8.0	8.2	1.6	2.4	5.7
1978	-0.2	-3.8	2.1	4.2	10.6	13.8	14.5	13.8	8.4	6.3	2.9	-5.7	5.6
1979	-7.1	-4.2	1.4	4.5	7.8	13.5	12.6	12.9	8.5	5.5	2.2	-1.8	4.7
1980	-3.1	-2.6	0.9	4.4	10.3	15.1	16.0	14.5	10.4	3.8	-0.8	-0.7	5.7
1981	-3.0	-3.2	0.6	3.0	11.6	11.0	13.9	12.4	12.0	5.4	1.6	-6.6	4.9
1982	-4.2	1.1	4.1	4.3	9.7	13.1	15.2	14.4	9.8	7.7	3.7	0.8	6.6
1983	1.2	-2.2	1.7	5.2	10.1	11.9	14.0	13.0	9.9	6.1	2.2	1.2	6.2
1984	-2.6	0.7	-0.6	5.8	10.8	12.2	13.9	13.4	9.4	6.8	6.1	2.2	6.5
1985	-3.0	-2.4	1.8	4.2	10.9	13.3	14.5	13.3	7.9	7.4	-2.0	-1.9	5.3
1986	-5.7	-8.7	3.4	3.5		14.0	13.6	12.5	7.1	7.3	5.0	0.6	
1987	-6.3	-2.2	-1.3	6.3			14.2	12.7	8.5	9.7	2.8	0.8	
1988	2.2	1.4	0.2										
Medel	-1.8	-1.8	1.5	4.3	10.2	12.8	14.3	13.3	9.0	6.3	2.2	-0.1	5.9

Tabell 2.4 Månadsmedel av temperatur i °C

## 5851 Loen - Sande

	jan	feb	mrs	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
1971				3.8	9.7	11.7	13.5	12.9	9.4	5.9	1.4	3.1
1972	-0.7	-0.6	2.2	4.9	10.8	13.2	15.5	12.6	8.2	6.9	2.2	4.6
1973	3.3	0.0	3.5	3.0	9.3	12.0	14.8	11.0	8.3	3.0	0.2	-0.2
1974	4.0	2.4	2.0	5.1	10.0	12.5	11.9	12.7	10.4	4.4	2.9	2.0
1975	2.5	-0.2	0.5	3.1	8.6	11.1	14.6	14.5	9.9	5.9	4.3	1.8
1976	-2.6	-1.5	-3.2	2.1	10.1	11.7	14.0	13.2	6.9	7.5	3.6	-1.8
1977	-3.1	-5.9	1.7	2.0	9.3	11.6	13.8	13.0	7.9	8.0	2.2	2.6
1978	0.5	-3.2	1.1	3.9	10.2	13.7	14.7	13.7	8.3	6.1	3.6	-3.8
1979	-7.3	-5.9	0.8	3.4	7.4	13.2	12.0	12.2	8.1	5.3		-0.9
1980	-3.6		-0.2	2.6	9.8	14.8	15.8	14.2	10.3	4.1	-0.2	-0.4
1981	-3.1	-5.0	0.0	2.4	11.0	11.0	13.6	12.0	11.4	5.6	1.9	-6.0
1982		0.3										
Medel	-1.0	-2.0	0.8	3.3	9.7	12.4	14.0	12.9	9.0	5.7	2.2	0.1
Stand.av.	3.4	2.7	1.7	1.0	1.0	1.1	1.2	1.0	1.3	1.4	1.4	3.0

Tabell 2.5 Månadsmedel av temperatur i °C

## 5852 Loen - Raudi

	jan	feb	mrs	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
1971				4.0	9.8	11.4	13.0	12.8	9.3	5.9	1.3	
1972		-0.3			7.0	0.0			6.3			4.0
1973	2.4	-0.9		1.9	8.0	10.9	14.0	10.4	8.1	3.0	0.0	-0.1
1974	4.5	3.0	3.0	5.7	10.1	12.5	12.0	12.7	10.7			
1975	3.5	0.7	1.5	4.1	8.6	11.1	14.4	14.4	10.2	6.6	4.3	1.8
1976	-2.5	-0.9	-1.8	3.0	10.2	11.9	14.3	13.1	7.1	8.0	3.3	-1.8
1977	-2.8	-4.2	2.4	2.5	9.7		13.8		8.4	8.6	2.8	2.8
1978	1.0	-2.6	2.5	4.4	10.7	13.7	14.5	13.7	8.4	6.5	3.9	-3.4
1979	-7.1	-5.2	1.3	4.0								
Medel	-0.1	-1.3	1.5	3.7	9.3	10.2	13.7	12.9	8.6	6.4	2.6	0.5
Stand.av.	3.8	2.5	1.6	1.1	1.2	4.3	0.9	1.2	1.4	1.8	1.5	2.6

Tabell 2.6 Månadsmedel av temperatur i °C

## 5853 Rake H

	jan	feb	mrs	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
1974												2.6
1975	2.7	1.2	2.6	4.6	9.4	12.0	15.2	15.5	10.3	6.4		
1976								14.2	7.5	7.8		
1977				3.4	10.0	12.2	14.3	13.8	8.1	8.3	2.2	2.8
1978	0.4	-3.3	2.7	4.8	11.3	14.5	15.1			6.6	3.6	-5.7
1979	-6.9		1.8	4.9		13.8	12.7	12.9	8.5	5.5		
1980	-2.5	-1.4	1.3	4.9	10.5	15.1	16.2	14.4	10.5	4.0	-0.1	-0.6
1981	-2.4	-2.5		3.7	11.6	11.2	13.8	12.3	12.1	5.6	2.1	-5.9
1982	-3.5	1.9	4.3	4.6	9.8	13.5	15.6	14.5	10.1	7.8	4.0	1.5
1983	1.5	-1.5	2.1	5.6								
Medel	-1.5	-0.9	2.5	4.5	10.4	13.2	14.7	13.9	9.6	6.5	2.3	-0.9
Stand.av.	3.0	1.9	0.9	0.7	0.8	1.3	1.1	1.0	1.5	1.3	1.5	3.6

Tabell 2.7 Månadsmedel av temperatur i °C

## 5853 Rake S1

	JAN	FEB	MRS	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
1974												3.0
1975	3.2	1.7	3.1		9.4	11.9	15.0	14.9	10.4	6.6		
1976								13.8	7.4	7.9		
1977				3.4	9.6	11.9	14.0	13.4	8.2	8.3	2.2	3.1
1978	0.5	-3.7	2.8	4.9	10.9	14.2	14.9			6.6	3.6	-6.2
1979	-7.0		1.8	4.8		13.4	12.6	12.8	8.5	5.4		
1980	-2.7	-1.6	1.5	4.8	10.0	14.4	15.8	14.0	10.2	4.1	0.0	-0.7
1981	-2.7	-3.0		4.8	11.0	11.1	13.6	12.1	11.9	5.5	2.9	-5.6
1982	-3.6	2.6	5.2	5.3	9.7	13.4	15.5	14.2	10.1	7.7	3.9	1.6
1983	1.6	-1.5	2.3	5.3								
Medel	-1.5	-0.9	2.8	4.7	10.1	12.9	14.5	13.6	9.5	6.5	2.5	-0.8
Stand.av.	3.2	2.3	1.2	0.6	0.6	1.2	1.0	0.9	1.4	1.3	1.4	3.8



Tabell 2.8 Månadsmedel av temperatur i °C

## 5866 Flo (Linke)

	jan	feb	mrs	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
1979				4,5	7,2	13,0	12,9	13,1	8,4	6,3	2,7	-0,5
1980	-1,8	-2,0	0,6	4,3	9,6	14,3	15,7	14,2	10,3	4,4	-0,2	-0,5
1981	-1,8	-2,3	0,3	1,3	9,8	10,2	13,3	12,0	11,7	5,6	1,6	-3,6
1982	-2,3	1,7	4,8	4,9	10,1	14,0	16,1	15,4	10,8	9,5	5,4	2,5
1983						12,0	14,4	13,1	10,6		2,8	2,2
1984	-1,0	1,7	1,1	5,9	10,9	12,9	14,2	14,1	10,7	7,8	7,3	3,3
1985								13,9	8,3	8,2	-0,4	-0,8
1986	-4,4	-9,3			10,3	14,5	14,4	13,6	7,8	7,8	5,4	1,7
1987	-4,5	-1,6	-1,2	7,0	8,9	12,2	14,6	13,5	9,4	10,3	3,9	1,5
1988	3,1	2,5	1,6	3,3	11,5	15,5	16,5	14,5				
Medel	-1,8	-1,3	1,2	4,4	9,8	13,2	14,7	13,7	9,8	7,5	3,2	0,6
Stand. av.	2,4	3,7	1,8	1,7	1,2	1,5	1,2	0,9	1,3	1,8	2,4	2,0

Tabell 2.9 Månadsmedel av temperatur i °C

## 5853 Flo (MI-46)

	JAN	FEB	MRS	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
1983						11,7	14,1	12,9	10,5		2,7	2,1
1984	-1,1	1,5	0,7	5,7	10,7	12,6	14,0	13,9	10,5	7,7	7,3	3,3
1985								13,8	8,1	8,2	-0,4	-0,8
1986	-4,4	-9,1			10,2	14,4	14,2	13,5	7,7	7,8	5,4	1,7
1987	-4,6	-1,7	-1,4	6,8	8,7	12,0	14,5	13,3	9,2	10,3	3,9	1,5
1988	3,1	2,5	1,3	3,0	11,3	15,3	16,4	14,4				

Tabell 2.10 Månadsmedel av temperatur i °C

## 5870 Oppstryn

	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
1957	1.0	-0.8	3.2	4.5	7.4	10.3	14.5	13.0	8.8	5.7	1.8	-0.3	5.8
1958	-1.4	-4.5	-3.6	2.7	6.6	12.5	13.8	13.8	11.9	7.2	4.7	-1.0	5.2
1959	-3.2	-1.4	3.9	6.1	9.1	12.3	14.9	13.4	9.3	6.8	5.8	2.9	6.7
1960	-2.5	-1.1	4.1	5.1	10.7	13.1	13.9	13.6	10.4	5.2	3.7	0.5	6.4
1961	-1.6	2.0	1.5	4.5	8.3	11.4	12.5	11.7	11.6	10.7	4.1	-0.9	6.3
1962	1.0	-1.2	-2.9	3.3	6.9	9.2	12.9	11.5	9.1	6.7	2.5	-1.3	4.8
1963	-3.9	-4.8	0.6	5.3	10.1	15.0	13.3	14.8	9.6	6.6	3.6	-0.3	5.8
1964	0.1	-0.6	1.8	4.7	9.4	10.2	11.7	11.8	8.2	6.4	1.8	0.0	5.5
1965	-1.1	-1.9	-1.1	5.1	8.2	12.2	12.8	12.1	11.4	7.1	-0.5	-3.0	5.1
1966	-2.8	-4.2	0.6	1.5	7.8	14.7	12.4	12.3	8.5	7.2	1.6	0.9	5.0
1967	-3.2	1.3	1.2	2.6	8.4	10.4	12.1	12.3	11.7	5.8	5.1	-1.1	5.6
1968	-2.4	-2.9	-0.7	2.7	6.8	12.3	14.0	14.4	12.1	5.3	0.2	-0.9	5.1
1969	1.1	-4.3	-1.5	4.7	10.3	14.6	13.3	17.0	8.9	6.8	-0.3	-1.3	5.8
1970	-1.5	-4.1	-0.9	2.2	10.0	15.4	12.0	14.0	9.4	5.9	1.8	-0.7	5.3
1971	0.4	1.3	-0.4	3.5	9.6	11.1	12.9	12.6	9.0	5.1	0.2	1.8	5.6
1972	-1.4	-0.2	2.5	4.5	10.8	13.0	15.6	11.9	7.3	6.0	1.4	3.7	6.3
1973	2.9	-0.8	2.8	1.5	8.1	11.3	14.5	11.2	9.2	3.0	-0.5	-0.6	5.2
1974	3.7	2.1	3.7	5.9	10.3	12.8	11.5	12.6	10.7	5.0	3.2	1.0	6.9
1975	2.2	-0.2	1.2	2.9	8.2	10.6	14.4	15.0	9.1	6.4	3.2	0.5	6.1
1976	-3.2	-0.2	-1.2	2.4	10.1	11.5	14.2	13.3	7.6	7.8	3.2	-1.8	5.3
1977	-1.9	-1.9	2.7	1.8	9.3	11.5	13.5	13.3	7.4	8.4	2.0	2.5	5.7
1978	-0.4	-2.7	1.5	3.5	10.6	13.6	14.5	13.4	8.4	5.5	2.9	-3.3	5.6
1979	-4.0	-2.7	1.1	4.4	7.2	13.4	12.1	12.4	7.9	6.6	2.0	-1.3	4.9
1980	-2.3	-0.6	0.1	3.9	9.8	14.6	15.8	14.1	10.3	4.2	-0.6	-0.9	5.7
1981	-2.5	-1.9	0.5	2.2	10.8	10.1	12.9	11.4	12.1	5.5	1.2	-5.2	4.8
1982	-2.6	2.1	3.5	2.9	8.8	12.5	15.0	14.2	9.4	8.4	3.8	0.6	6.6
1983	0.7	-2.0	1.3	4.5	9.5	10.8	13.6	12.1	10.1	5.3	1.1	1.0	5.7
1984	-2.0	0.4	-0.5	5.0	10.5	11.6	13.1	12.9	9.5	6.6	6.4	2.7	6.4
1985	-3.5	-2.1	1.4	3.5	10.7	12.7	14.1	13.0	7.2	6.9	-1.4	-1.3	5.1
1986	-3.1	-4.8	3.7	2.6	10.1	14.1	13.3	12.2	6.5	7.0	4.3	0.6	5.5
1987	-5.6	-1.5	-0.5	5.8	7.9	10.9	13.6	12.2	8.8	9.8	3.2	0.5	5.4
1988	2.3	1.5	0.2	1.7	11.0	14.7	15.6	13.6	10.6	6.3			
Medel	-1.3	-1.3	0.9	3.7	9.2	12.3	13.6	13.0	9.4	6.5	2.3	-0.2	5.7

## 2.2 Tabellar for ekstremtemperatur

Tabell 2.11 Ekstremtemperatur, juli 1973 til aug. 1988;

5843 Olden - Vangberg

jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
-----												
